



Tobias med Jonny Hansen ombord. No har båten ei stålkasse og ein forkanon på akterdekket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidsbåten Tobias, som Sjøtroll Havbruk eig, og nyttar i oppdrettsanlegget utanfor Skorpo, vart tjuvlånt ei natt for ei tid sidan.

Då var han på plass att i båthamna om morgonen.

Men no er denne særprega og spesielle båten ikkje berre tjuvlånt.

Han er stole, melder røkter Jonny Hansen.

Båten ligg vanlegvis i båthamna frå klokka 15.30 og til på morgonkvisten og han vart fortøygd der til vanleg tid i går ettermiddag.

Men då den Sjøtroll-ansatte skulle på jobben med båten klokka 7.30 i dag tidleg, var Tobias borte - heilt utan spor.

Leiting etter han har så langt vore utan resultat, og Jonny er svært interessert i tips som kan føra til at Tobias blir oppspora. Han har telefon 99 57 40 93.

Båten er svært karakteristisk og lett å skilja frå andre båtar. Dessutan har han no ei stålkasse og ein forkanon på dekket lengst bak.

Tobias er 33 fot lang og har ein motorkraft på 450 hestekrefter. Han er tydelegvis eit interessant 'leketøy' for nokon i eller utanfor Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen